

Randi Arnestad

«Det finaste året eg har hatt» Folkehøgskolen – frå danning til sjølrealisering?

I vår bladde eg i brosjyrar frå folkehøgskolar, fargerike, glansa trykksaker med blide og vellykka ungdommar. Tilboda var mange, frå teater og musikk til ekstrem-sport, hundekjøring, psykologi, reiseliv, foto, båtbygging, internasjonal solidaritet, media og sirkus. Endelause tilbod i noe som såg ut som ein katalog over kurs i sjølrealisering. Og eg tenkte: Kor har det blitt av Grundtvig? Fins det spor etter hans tankar om opplysning og danning?

Folkehøgskolen oppstod i Danmark på 1850-talet. Grunnleggaren var Nicolai S. F. Grundtvig, presten som er kjent for sin lyse kristendom. Skolen skulle vere ei motvekt

og eit alternativ til «den sorte skole», latin-skolen, som la ein-sidig vekt på boklig pugg. Folkehøgskolen skulle vere ein skole for heile mennesket, for både hovud og hjarte; eit dannelsesprosjekt, der prosessen var viktigare enn produktet, spørsmåla viktigare enn svara. Grundtvigs tankar om opplysning, pedagogikk og kristendom var da òg bakgrunnen for den første folkehøgskolen i Norge, Sagatun på Hamar, som vart innvigd i 1864. Sagatun ønskte å vise ein ny veg til opplysning og danning, og også å gi elevane eit grunnlag for å delta aktivt i demokratiarbeidet.



Tynset Folkehøgskole heldt til på Vidsyn frå 1922, etter åtte år på garden Tunheim, og til skolen stengte i 1952. Huset var det gamle meieriet frå Neby. Foto: P.K. Lien, beskåret.

I dag er folkehøgskolen populær som aldri før, med 78 skolar og nær 800 elevar over heile landet. Det kjem òg nye skolar, på Røros arbeider dei nå for å skape ein ny folkehøgskole med vekt på verdsarven og den samiske kulturen.

Litt historie

I meir enn 160 år har folkehøgskolen i Norge levd sitt liv tett vove saman med samfunnsutviklinga, noen gonger som ein spegel av den, ofte som ei motkraft. Frå starten var folkehøgskolen i Norge ein motkultur mot embetsstand og latinskole, den var radikal, og av mange sett på som farlig. Frå Sagatun og Hamar breidde skoleslaget seg utover landet. Desse skolane låg utafor dei store byane, skolen skulle vere eit tilbod til vaksen landsungdom, som ikkje hadde sjansen til å få utdanning ut over sju års folkeskole. Året skulle vere eit dannelsingsår, der historie, norsk språk og litteratur var kjernefag, og der dei elles dreiv med praktiske fag, og med fellesaktivitetar som kor, folkedans og teater. Eit kjenneteikn på skoleslaget var at det ikkje fanst faste læreplanar, skolen stod fritt til å velje tema, og undervisninga skulle vere mye prega av muntlig formidling og samtale. Elevane fekk lære å opptre, halde foredrag framfor ei forsamling, lese dikt.

Folkehøgskolen var i starten eit progressivt, folkelig prosjekt, med vekt på humane og nasjonale verdiar. Nesten uforvarande kom den i dei kampglade 1880-åra til å bli ein deltakar i dei store nasjonale stridane, mye på grunn av radikale leiarar. Parlamentarisme, norsk flagg, frigjøring frå Sverige, meir makt til bøndene; i alle desse sakene spelte folkehøgskolen ei avgjørande rolle, hevdar Arild Mikkelsen i boka *Frihet til å lære*.

Etter få år kom amtsskolane opp som

ein konkurrent, og i 1893 kom den første kristelige ungdomsskolen, som eit resultat av kyrkjestrider i tida. Amtsskolane (frå 1919 fylkesskolar) forsvann gradvis, og etter 1959, da lova gav alle barn rett til ni års skolegang, var det heilt slutt. Kristne folkehøgskolar fins det mange av framleis, 32 av dei 78 skolane som fins i dag, mens 46 er frilynte folkehøgskolar. Den praktiske skilnaden i dag ligg i at kristendoms-kunnskap og forkynning ikkje er ein del av skolekvardagen i dei frilynte skolane. Etter sekulariseringsbølga på 1960- og 70-talet har kristendommen fått mindre plass, og den frilynte folkehøgskolen vart verdslig på ein ny måte. Ove Korsgaard seier i si avhandling om folkehøgskolen: «Grundtvigs ord om menneske først, christen så, har blitt til menneske først, og sist.»

Folkehøgskolens plass i samfunnsutviklinga gikk i bølgedalar. Frå å vere ei kampglad åndsmakt i pionertida, kom folkehøgskolen på mange måtar til å stå på sidelinja og sjå på utviklinga i mellomkrigstida. Arbeidarrørsla hadde heller ikkje stor sans for folkehøgskolen, den var bøndenes skole, med ein «himmelblå, livsfjern romantikk», som Arbeiderbladet skreiv i 1950. Men alt i 1939 såg Arbeiderbevegelsens folkehøgskole i Ringsaker dagens lys, som eit tilbod også til arbeidarungdom.

I åra etter 2. verdskrigen hadde folkeopplysning som idé dårlegare kår enn før. Med rett til ni års skolegang for alle frå 1959 kunne alle ungdommar få lære meir, og folkehøgskolen vart derfor på mange vis sett på som overflødig. Diskusjon om økonomi og om pedagogikk prega skolane i desse åra. Skulle ein ha pensum? Skulle ein ha departemental styring eller fridom? Folkehøgskolen hadde jo tradisjon for å ville vere heilt fri, frå reglar, pensum, støtte frå staten. Dette vart vanskeligare i etterkrigstida.

Om ein folkehøgskole skulle lykkas, var i mange år avhengig av styraren. Leiaren heitte ikkje rektor, men *styrar*, og ofte var det han (ja, det var som regel ein han) som styrte heile institusjonen, det låg i instruksjonen hans, han skulle prege skolen saman med lærarane. Ofte var personlege eigenskapar avgjørande. Det går fråsegner om høvdingar som prega sine skolar, på godt og somtid på vondt. Idealet for undervisninga var den gode samtalen, men i røynda var det ofte foredrag, einvegs kunnskapsformidling. Det styraren sa var lov. Slik kunne elevane få viktige, positive impulsar, men det er ikkje vanskelig å sjå at det låg ein fare for indoktrinering i dette. Foredragshaldarar utifrå kunne vere ei stor oppleving, eller det kunne vere ein lang gjesp.

Når ein ser på bilde frå folkehøgskolar opp gjennom åra, slår det ein kor mange jenter der er. Så tidlig som i 1915 var halvparten av elevane i heile landet jenter. Det er oppsiktsvekkande, og fortel at også jentene fekk del i den personlege veksten og utviklinga som folkehøgskolen baud på. Det er vanskelig i dag å forstå kva dette hadde å seie for bygdejenter, som ofte ikkje fekk utdanning ut over sju års folkeskole. Var det noen i familien som fekk vidare utdanning, var det som regel gutane... Her fekk jentene kunnskap, trening i å opptre offentleg, i å vere eit menneske blant likemenn og -kvinner.

Med dei radikale 60-åra kom det nye taktar inn i folkehøgskolen: Lærarråd og elevråd gav demokratisk innflytelse. Nye undervisningsmetodar, som prosjektarbeid, gav elevane meir å seie over skolekvardagen, og nye måtar å tileigne seg kunnskap på. I dag er tverrfaglege opplegg og prosjekt ein del av kvardagen for elevane på folkehøgskole, og dei aller fleste har ei reise eller fleire innbakt i undervisninga.

«Det finaste året eg har hatt»

Mi interesse for skoleslaget vakna for alvor da eg fekk sjå elevoversikten i Ola Tronsmoens bok om Tynset folkehøgskule. I 1914 vart den frilynte skolen opna, med den legendariske Idius Nybø som første styrar. Dette var lenge før linjedeling og reiser verda rundt prega folkehøgskolen. I Østerdølen 2.10.1914 kan vi lese om stor interesse ved opninga, der 65 elevar møtte fram, og der Nybø gjorde greie for målet med skoleåret: «Hvad er det saa vi vil? Vi vil vække ungdommene til et aandeligt liv! Ikke for at tjene mer og bli rike; men til et rikt aandsliv!» Han sette dermed standarden for livet på skolen for mange tiår framover. Mange ungdommar frå bygdene i Nord-Østerdalen fekk her eit år dei hadde glede og nytte av seinare i livet, eg ser mange namn på folk som seinare har utmerka seg i foreningsliv, samfunnsliv og politikk.

Typiske trekk ved folkehøgskolen er som vi veit at skolen er eksamensfri, undervisninga blir ofte lagt opp tverrfagleg, og kanskje viktigast, skolen har internat. Skoledagen er ikkje slutt når timane er over, her er samarbeid og samvær også på kveldstid og i helgene. Og her er romkameratar.

Elevar på 50-talet

Eg har snakka med to tylldalsdamer som var av dei siste elevane på Tynset, før skolen vart lagt ned i 1952, og spurt kva dei sitt att med av minne og inntrykk. Både Kjellvor Eggen f. Rusten og Magnhild Nytrøen f. Prestegård er samstemte i at det var samholdet og vennskapen dei hugsar best. Kjellvor hugsar at det var mye moro, og at Streitlien, som da var styrar, gikk kontrollrunde på alle romma kl.22, utan å banke på! Når han forelas, var det ikkje mye dis-



*I 1952 var ein skoletur til Trondheim den første lengre reisa heimafrå for mange av elevane.
F.v.: Alfhild Vangen og Magnhild Prestegård.*

kusjon etterpå, det var ei meining som galdt. Men han gav også elevane oppmunt- ring: «Det ein vil, det kan ein».

Magnhild hugsar timane med vev, som dei hadde heile året. Med glede hugsar ho elevkveldane, med folkeviseleik, teater og foredrag. Ho var òg med i sangkor. Ein måtte lære å stå fram, høre si eiga stemme, seier ho, og det kom vel med seinare i livet. Det var i alle år tett kontakt mellom folke- høgskolen og den frilynte ungdomsrørsla, og Magnhild fortel at ho fekk jobben som «leikleiar» i UL Uredd da ho kom heim att.

Den same erfaringa har Sigfrid Solvang f. Aas gjort. Ho gikk Bondelagets Folke- høgskole på Mysen i 1959-60, og elevane reiste rundt i Østfold og underheldt med opplesing, song og folkedans. Frå elevkvel- dar hugsar ho teaterframsyningar, t.d.

Ingeborg Refling Hagens «Je vil hematt». Da ho kom heim til Tyllidalen, var ho òg etterspurt til innsats i ungdomslaget. Da ho



*Tre venninner på Bondelagets folkehøgskole.
F.v. Margunn Hegre frå Jæren, Sigfrid Aas (Sol- vang) og Bjørg Eggen frå Tyllidalen.*

gikk på Mysen var Jofred Stortrøen med anar frå Tylldalen styrar på skolen, og han var ein høvding, ein typisk representant for den klassiske styraren, som skolens liv stod og fall med. På skolen hadde dei ofte foredragshaldarar utafra, m.a. frå Landbruks-høgskolen på Ås. Dei hadde òg utveksling med ein skole i Danmark, det gav nye impulsar og mange minne. Å reise utanlands var ikkje kvar dagskost den gongen. Når eg spør kva som er det ho først tenkjer på etter året på folkehøgskole, kjem svaret kjapt: kameratskapen, det å bli kjent med elevar frå heile landet. Ho har framleis venninner frå det året, som ho har kontakt med. Kva for verdiar har ho tatt med seg derifrå? Ho seier at ho las meir, fekk andre interesser, og fekk utfalde seg i ungdomslaget og elles. Mye av det ho lærte har vore til nytte og glede seinare. Heile skoleåret var eit kulturløft, ho lærte å sette pris på norsk kultur, og ho fekk utvikle seg, seier Sigfrid.

Elevar i dag

Korleis opplever så ungdom i dag eit år på folkehøgskole? Eg har spurt eit par unge tylldøler.

Hågen Reiten gikk sist vinter på Skogn Folkehøgskole i Trøndelag, på linja for kickboksing. Han ville prøve noe han ikkje kjente til frå før, noe som verka spennande, og som han kunne gjøre han sterkare og meir uthaldande. Av høgdepunkta i året nemner han turen til Thailand, der dei gjorde ei rundreise og var på båttur, ved sida av at dei besøkte eit verdskjent treningssenter for kampsport. For ei gammal dame høres ikkje dette ut som noe ein forbind med folkehøgskole, men østens kampsporttradisjonar har jo mye med ritual, sjølkontroll og omsyn til motstandarar å gjøre, så eg tenkte dette var ein ny innfallsvinkel til folkehøgskolens verdiar og tradisjon. Men Hågen

seier at dette ikkje var noe det vart lagt vekt på, sjøl om læraren hans hadde lært slike ritual da han var under opplæring.

Også for han er det samholdet og møtet med ungdom frå andre miljø som sitt att i minnet etter dette året. Å dele rom med noen med ein heilt annan bakgrunn og ulik kunnskap kunne vere ei utfordring, men òg noe å lære av. Det praktiske arbeidet likte han godt, han var heller ikkje ukjent med vaskemaskin og anna som kunne vere ukjent mark for fleire av medelevane. Når heile skolen jobba saman i prosjekt, t.d. framfor ei foreldrehelg, gav det verdfull erfaring, ein fekk prøve seg på ulikt arbeid og i ulike roller.

Det var bare på opningsdagen at han hørte Grundtvig nemnt, og han hugsar rektor sa at dette skulle vere eit friår med ansvar, og den som ikkje bidrog kom til å få eit spark bak. Hågen er usikker på om det var eit utviklingår for han, men han fekk prøve noe nytt og uvant, det var viktig. Og han meiner folkehøgskolen gjør folk meir sjølstendige.

Simen Solvang Aamodt har vore to år på folkehøgskole, i 2015-2016 som elev på Haugetun Folkehøyskole i Østfold, året etter som stipendiat på same skolen, det vil seie ei blanding av miljøarbeidar, sjåfør og kjøkkenhjelp, seier han. Dette er ein kristen folkehøgskole, der kristendom stod på timeplanen, ved sida av fotball, som var den linja han gikk på. Simen sett òg kontakten med nye folk frå heile landet høgt, dei vart samansveisa på ein heilt spesiell måte. Internatlivet bidrog nok sterkt til det.

I løpet av året var han på treningsleir i Tyrkia, på tur til New York og ikkje minst til Rio de Janeiro, der elevane fekk sjå norsk hjelpearbeid i slummen, med fotball som hjelpemiddel til å gi gatebarna ei positiv oppleving.

Gjennom samværet med medelevane, og ikkje minst på reisene, lærte han å omgås ulike menneske. Favelaen i Rio gav sterke inntrykk av kontrasten mellom oss i det rike Nord-Europa og dei fattige i slummen. Da dei kom heim, gjorde elevane dugnad for å samle inn pengar til prosjektet i Rio.

folkehøgskole ser ut til å vere diametralt motsett for dei unge gutane og for damene frå besteforeldregenerasjonen. Den gongen var landsungdom svoltne på kunnskap og skole, skolegang var eit privilegium som ikkje alle i bygda fekk, men som mange ønska seg og lengta etter. I dag har ungdommen 13 års skolegang, og mange er lei



Haugetun Folkehøgskole på treningsleir i Spania.

Simen hadde inga kjensle av at Grundtvigs tankar var framme i skolekvardagen, kristendomskunnskap stod meir sentralt enn begrepet danning. Men han meiner han lærte mye om ulike sosiale vilkår, og fekk sjå at vår livsstil langt frå er normalen andre stader i verda. Vennskap, personlig utvikling og sans for ulike menneske seier han er det som sitt att som det mest verdifulle etter dei to åra.

Spor etter Grundtvig?

Spora er ikkje lette å få auge på. Verda er da òg ei heilt anna i dag enn da Grundtvig virka, i skjøten mellom opplysningstid og romantikk. Utgangspunktet for eit år på

skolen. Det nyttar heller ikkje å lokke med Danmarkstur, mange har reist i fjerne ferieland lenge før konfirmasjonsalder. Før var eit folkehøgskoleår ein sjanse til kunnskap, vekst og modning, som gav nye og vidare perspektiv. Nå kan det sjå ut som det er eit friår for rike, velutdanna unge. Dei er vant til å ha fokus på seg sjøl, mest over alt der dei ferdas møter dei budskapen om å tenke på seg sjøl, realisere seg sjøl. Da kan det vere lett å bli egoistisk, opptatt av seg sjøl, først og sist. Sjøl om bakgrunnen til elevane den gongen og i dag er heilt ulik, på same måten som den faglige gevinsten, trur eg likevel noe er likt. Det ser ut til at skoleslaget greier å få dei unge til å sjå seg sjøl utafra,

som eit individ i ein fellesskap. Rektor ved Voss Folkehøgskole, Claus Røynesdal, ser internatet som ein berebjelke, han meiner at eit forpliktande fellesskap med vaksne og andre ungdommar er viktig for utviklinga. I dette miljøet er det at læring blir til danning, seier han til bladet Utdanning.

Les ein litt nøye, finn ein bakarst i katalogen over alle tilboda for 2017-18 spor etter grunntanken bak skoleslaget: Det *blir* lagt vekt på danning og utvikling som viktige verdiar i folkehøgskolelivet, men skolen må følgje med i utviklinga: «Det nasjonale perspektivet og innføringen av demokratiet er byttet med et globalt perspektiv, miljøutfordringer og rettferdig verdensorden», kan vi lese.

I vår materialistiske verd er vi redde for dei store orda. Det fins knapt ein rektor i dag som ville driste seg til å bruke Nybøs ord om eit «åndelig liv» i ein tale til elevar. Det kan sjå ut til at skoleslaget går stilt i dørene med dei ideologiske aspekta ved skolen. Likevel greier dei, bak all kjekk og trendy marknadsføring, å gi ungdommane gode erfaringar og minne for livet, i tillegg til faglig utbytte Personlig utvikling og sans for fellesskapet er ingen dårlig ballast i livet.

Kjelder

- Arild Mikkelsen: Frihet til å lære. Frilynt folkehøgskole i 150 år. 2014
- Ola Tronsmoen: Tynset Folkehøgskole. 2011
- «Alle Folkehøgskolene». Katalog over alle tilbod 2017-18
- Utdanning nr. 8 / 28. april 2017
- Muntlig: Sigfrid Solvang, Kjellvor Eggen, Magnhild Nytrøen, Hågen Reiten, Simen Solvang Aamodt.